

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**     **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**  
                  **nasjonalparkstyre**

**Møtested:**  e-postbehandling

**Dato:**       02.07.2015

**Tidspunkt:**

---

Vi har fått ei sak som krev rask avklaring. Gjeld helikoptertransport fr på e-post.or reparasjon av skader på bru over Blåtjønnåe etter snøsmelting. Transporten blir samordna med annan helikoptertransport. Sjå vedlagt sak.

Ber om snarleg svar via e-post eller telefon.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar Jotunheimen

Fylkesmannen i Oppland

Mobil: 948 80 564



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 4/2015	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Helikoptertransport for reparasjon av skader på bru over Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn		2014/190

Arkivsaksnr: 2014/190-8  
Saksbehandlar: Kari Sveen  
Dato: 30.06.2015

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	4/2015	02.07.2015

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2015 - Helikoptertransport for reparasjon av skader på bru over Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn**

### **Forvaltar si innstilling**

DNT Oslo og Omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark utvida tidlegare innvilga løyve til motorferdsel i området nord for Russvatnet i sak 29/2015, til også å gjelde bruk av helikopter for reparasjonar på brua over Blåtjønnåe.

Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 6.3.f) får DNT Oslo og Omegn løyve til bruk av helikopter for gjennomføring av reparasjonar i juli, slik det er søkt om i e-post av 30.06.15. Tiltaket er knytt til reparasjon av øydelagt brukonstruksjon, og vert vurdert å vera i samsvar med forslag til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark (2008), og blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet.

#### Vilkår:

- Det er ein føresetnad at tiltakshavar legg til rette for at samla motorisert transport blir redusert til eit minimum.
- Helikoptertransporten bør foregå på vekedag, ikkje helg.
- Dato for transportane skal varslast til SNO v/ Rigmor Solem seinast dagen før (mobilnr. 959 65 158, eller e-post rigmor.solem@miljodir.no)
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.oktober.

## Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post om utviding av løyvet for bruk av helikopter ved Glopåe til også å omfatte nødvendige reparasjonar ved Blåtjønnåe.
- Sak 11/2014 - Ny bru over Blåtjønnåe
- Sak 29/2015 - Motorferdsel 2015 i samband med utskifting av bru over Glopåe
- Verneforskrift av 14.11.14
- Forvaltningsplan – utkast 2008

Det vart i sak gjeve 11/2014 løyve til oppføring av ny bru over Blåtjønnåe. I møte 27.08.14 opna nasjonalparkstyret for å utsetja fjerning av den gamle hengebrua i to år, for å kunne teste ut den nye trebrua under varierende vinterforhold. Dette ut frå erfaringar som følgje av stadig fleire skader på bruer i fjellet i samband med snøsmelting dei seinare åra. Brua over Glopåe som vart oppført i 2012 er blant dei som har fått skader under snøsmelting, og det er gjeve dispensasjon for bruk av helikopter for utfrakting av restane etter den øydelagde brua i sak 29/2015.

Ved e-post 30. juni 2015 søker DNT Oslo og Omegn om følgjande:  
*«Den nye brua over Blåtjønnåe er skadd. Rapporten etter påsken viste at konstruksjonen sto godt med all snølasten. Mye har skjedd siden da, med mer snø, økt vannføring og is i elva. Vi er usikre på hva som egentlig har skjedd. Uansett er det beklagelig både for initiativtakere, eier og entreprenør.»*

*Vi ber om utvidelse av dispensasjonen til motorferdsel for utskifting av brua over Glopåe blir utvidet slik at trekonstruksjonene på den skadde brua kan løftes på land. Planen er å vente ca 2 uker til snøen på vestsiden av elveløpet er borte. Entreprenøren vil da skjære løs deler av brua og løfte dem inn på land ved hjelp av helikopter.»*

*Mottatt dispensasjon gjelder for arbeid ved tre elver som alle renner nordfra ut i Russvatnet. Det er nærliggende å samkjøre dette til en operasjon.»*

Bilete som viser skadeomfang er vedlagt søknaden, og under er vist eit par av dei:



## Vurdering

Vinteren 2015 har vore spesiell med stort snøfall seint på våren. Bileta viser at reparasjonar er heilt nødvendig, og den skisserte løysinga med å samordne alle

transportane med helikopter i området nord for Russvatnet vil vera rasjonelt med tanke på målet om å redusere motorferdsel i nasjonalparken til eit minimum.

Nødvendig bruk av helikopter vil bli samordna med transport etter utskifting av bru over Glopåe, og fagleg vurdering i høve til verneforskrift og forvaltningsplan (utkast 2008) blir den same som i sak 29/2015 – jf. følgjande oppsummering:

Verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:

*«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»*

I medhald av pkt. 6.3 kan forvaltningsstyresmakta gi løyve til:

*f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.*

Tiltaket vert vurdert å vera i tråd med forslag i forvaltningsplanen, som opnar for tilrettelegging for ferdsel gjennom merking av stigar, og opning for å gje løyve til bygging av nye bruer *«langs T-merkete stiar der dette er naudsynt»*.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og motorferdsel er avgrensa til eit avgrensa tal turar. Reparasjon av øydelagt bru blir ikkje vurdert å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet. Det er ikkje registrert særleg sårbare artar som vil bli uroa i vesentleg grad.
- § 9 Føre-var prinsippet: Tilrettelegginga skjer i brukssone, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje merkbar meirbelastning på naturmiljøet. Tiltaket gjev litt støy i eit kort tidsrom, men ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg belastning på naturmiljøet.
- § 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.
- § 11 - Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.
- § 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Bruk av helikopter er vurdert som mest mogleg effektiv transport for å løyse oppdraget. DNT vil her samordne med annan helikoptertransport ved Russvatnet, slik at samla motorferdsel vert redusert til eit minimum. Det vil vera ein fordel om transporten kan utførast på vekedag og ikkje i ei helg; dette av omsyn til friluftslivet.